



God sesongstart på Rabben Feriesenter AS

- Hos oss er det stort sett fullt i alle hytter, så vi er godt fornøgd med sesongstarten, slik oppsummerer Magne Heggøy ved Rabben Feriesenter AS så langt. Einaste han kunne tenkt seg litt betre, er veret. Om vermeldingane held det dei lovar, vert dette oppfylt i komande veke.



Mange meiner plassen er perfekt utgangspunkt for gode ferieopplevingar.

Han fortel vidare at dei små hyttene på 12 m<sup>2</sup> er svært populære blant elvefiskarane, og dei har det vore ein god del av i siste perioden. I tillegg er dei faste tyskarane på plass. Dei føretrekkjer sjøfiske. Det har også vore stor

etterspurnad etter utleigebåtane. Han har no 9 båtar, og dei er populære både blant gjestene på campingen og blant andre.

Når det gjeld bubilar og telt, har det vore ein del slengarar, men det har vore bra med plass til dei. Dette veit han av erfaring vil auka i august.

Starten har altså vore god, og Heggøy kan fortelja at besøket ligg over fjoråret.



[Ferske bakarvarer til søndagsfrukosten.](#)

Frå kl. 9 kvar søndag kan dei frista med ferske steinovnbakte bakarvarer til frukosten. Då er det både brød, rundstykke og bollar å få kjøpt i kiosken. Det er sjølv sagt populært.

Gjestene på campingplassen set også stor pris på nærheten til både butikken, vertshuset Oska på kaien og thaimaten ved Gamleskulen. Sjølv om det er ein del leikeapparat på campingplassen, er det også ein del barnefamiliar som likar å ta ein tur bort til skulen med leikeområdet og kunstgrasbanen der.

Meir informasjon finn de på [Rabben Feriesenter AS si heimeside](#). Dei har også eiga facebook-side.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Thor Inge Døssland og Magne Heggøy